

# Vurderingsrettlegg

2012

SAM 3016 Sosialkunnskap  
Sentralt gitt skriftleg eksamen

## Vurderingsrettleiing til sentralt gitt skriftleg eksamen 2012

Denne vurderingsrettleiinga gir informasjon om sentralt gitt eksamen og korleis han skal vurderast. Vurderingsrettleiinga skal vere kjend for elevar, lærarar og føresette i god tid før eksamen. Sensorane skal bruke vurderingsrettleiinga som ei felles referanseramme i arbeidet sitt.

### 1. Generelt om Sosialkunnskap (frå formålet med faget i læreplanen for Politikk, individ og samfunn):

*Å leve i samfunn med andre medfører både forventninger om tilpasning til fellesskapets normer og individuelle ønsker om frihet gjennom personlige valg. Møtet mellom samfunnets krav og individets preferanser utløser ofte spørsmål om hva et samfunn bør være, og hvordan det bør organiseres for best mulig å verne om menneskerettigheter og borgernes velferd. Programfaget politikk, individ og samfunn skal utvikle kunnskap, ferdigheter og holdninger knyttet til liv og virke sammen med andre i et samfunn. Det skal stimulere den enkelte til å tenke, forstå og reflektere over samspillet mellom individ og samfunn.*

### 2. Organisering av sentralt gitt skriftleg eksamen i Sosialkunnskap

Førebuing: 1 dag

Eksamen: 5 timar sentralt gitt eksamen med sentral sensur

#### Førebuingdagen

På førebuingdagen er alle hjelpemiddel tillatne, inkludert bruk av Internett.

Førebuingdagen er obligatorisk skoledag. I førebuingstida kan eleven samarbeide, hente informasjon og få rettleiing.

På førebuingdagen får elevane oppgitt eit tema som dei skal setje seg inn i. Innhaldet i førebuinga skal bidra til å førebu elevane på eksamen, men ikkje vere så konkret at det avslører eksamensoppgåvene.

Til eksamen er heile læreplanen aktuell. Det inneber at elevane til eksamen også kan prøvast i fleire og relevante delar av læreplanen enn det som kan lesast direkte ut av førebuingdelen. Det er derfor viktig at elevane får rettleiing i å sjå dei moglegheitene som førebuingdelen rommar, slik at dei kan møte eksamensoppgåver som koplår innhaldet i førebuingdelen til heile læreplanen.

#### Eksamen

Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.

Gjennom opplæringa i det enkelte faget skal elevane ha fått rettleiing i å vurdere kva hjelpemiddel dei vil ha nytte av i arbeidet med å løyse ulike typar oppgåver. Det er eleven sjølv, gjerne i samråd med læraren, som finn fram til kva hjelpemiddel som er formålstenlege for den enkelte til eksamen.

På eksamensdagen vil det arbeidet elevane har gjort, og kjeldene dei eventuelt har brukt i førebuingstida, vere viktige. Elevane må sjølve sørge for at dette materialet er lett tilgjengeleg på eksamensdagen.

### **Oppgåvetypar**

Når det gjeld form og innhald, vil eksamensoppgåvene variere noko frå eksamen til eksamen.

### **3. Bruk av kjelder**

Dersom det er aktuelt for eleven å bruke kjelder i svaret, må dei førast opp på ein etterretteleg måte. Det finst ulike måtar å føre opp kjelder på. Det er viktig at kjelder som blir brukte til eksamen, blir førte opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.

Eleven skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på så vel lærebøker som annan litteratur. Dersom eleven bruker utskrift eller sitat frå nettsider, skal han eller ho føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. Elevane bør vise til eventuelle kjelder undervegs i teksten.

Dersom sensor mistenkjer at eit svar inneheld kopiert materiale utan tilvising til kjelder, kan svaret sendast til plagiatkontroll.

For at sensor enkelt skal kunne finne fram til kjeldene, bør eleven føre opp kjelder undervegs i svaret.

### **4. Vurdering av eksamenssvar**

Læreplanen og forskrift til opplæringslova er grunndokument for vurderingsarbeidet. Forskrift til opplæringslova § 3-25 slår fast:

*Eksamen skal organiserast slik at eleven kan få vist kompetansen sin i faget. Eksamenskarakteren skal fastsetjast på individuelt grunnlag og gi uttrykk for kompetansen til eleven slik den kjem fram på eksamen.*

Det er eleven sin individuelle kompetanse<sup>1</sup> ut frå dei aktuelle måla i læreplanen som skal vurderast. Grunnlaget for å vurdere kompetansen elevane viser i eksamenssvaret, er kompetansemåla i læreplanen for fag.<sup>2</sup> Vurderinga skal ta utgangspunkt i det eleven meistrar, og ikkje motsett. Deloppgåvene blir ikkje "vekta" mot kvarandre. Det er svaret sett under eitt som blir vurdert. Eksamensoppgåvene blir utforma slik at dei prøver denne kompetansen.

### **Grunnleggjande ferdigheiter**

Grunnleggjande ferdigheiter er integrerte i kompetansemåla, men utgjer ikkje eit sjølvstendig vurderingsgrunnlag. I læreplanen for Politikk, individ og samfunn er den grunnleggjande ferdigheita å kunne uttrykkje seg skriftleg definert slik:

---

<sup>1</sup> I St.meld. nr. 30 (2003–2004) *Kultur for læring* er kompetanse definert som evna til å møte ei kompleks utfordring eller utføre ein kompleks aktivitet eller oppgåve.

<sup>2</sup> Forskrift til opplæringslova § 3-3.

Å kunne uttrykke seg skriftlig i politikk, individ og samfunn innebærer å framstille tekster presist, strukturert og selvstendig. Det vil si å drøfte samfunnsfaglige tema der momentene kommer i naturlig rekkefølge og blir vurdert i forhold til hverandre. Det betyr også å bearbeide og trekke sammen tekster for å skaffe seg oversikt.

I vurderinga av eksamenssvara legg vi vekt på om elevane gir eit relevant svar på oppgåva. Vi stiller ikkje noko krav om å avgrense lengda på svaret, men oppgåva blir vurdert ut frå kvalitet og ikkje kvantitet. Eit godt svar er presist og ikkje utflytande.

#### Om å lese oppgåveteksten godt – og disponere svaret

For at eleven skal kunne gi eit presist og relevant svar på det oppgåva spør om, er det nødvendig å lese heile oppgåveteksten godt. Dette er viktig for at eleven skal kunne vurdere korleis han eller ho skal disponere dei ulike delane av oppgåva. I eksamenssvaret bør eleven

- vise fagleg oversikt og forklare faglege samanhengar
- bruke fagkunnskapar og samfunnsfaglege teoriar, og beherske fagterminologi
- diskutere oppgåva frå ulike synsvinklar og utdjupe aktuelle problemstillingar
- skrive presist og med ein ryddig disposisjon

#### **5. Karakterar**

Sensor skal alltid vurdere den samla kompetansen til eleven, slik han kjem til uttrykk i svaret. Karakteren som blir fastsett, skal vere i tråd med karakterforklaringane i forskrift til opplæringslova §§ 3-4:

- a) Karakteren 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget.
- b) Karakteren 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget.
- c) Karakteren 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget.
- d) Karakteren 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget.
- e) Karakteren 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget.
- f) Karakteren 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget.

Kjenneteikna på måloppnåing beskriv nærmare kva for eksempel "god kompetanse i faget" vil seie for eit bestemt fag til skriftleg eksamen.

#### **6. Kjenneteikn på måloppnåing – om å lese skjemaet (matrisa) på neste side:**

Matrisa viser kva som krevst for å oppnå dei ulike karakterane for "drøfting", "utgreiing", "forklaring" osv. Ved å bli meir bevisst på kva som krevst på dei ulike karakternivåa, skal det vere mogleg å betre sine egne prestasjonar.

## Vurderingsmatrise ved sentralt gitt skriftleg eksamen i sosialkunnskap

	Karakteren 2	Karakterane 3 og 4	Karakterane 5 og 6
<b>Fagleg oversikt og bruk av fagterminologi</b>	<b>Eleven</b> - gir att noko faktastoff om oppgåvetemaet - nemner nokre fagomgrep - forstår enkle faglege samanhengar -	<b>Eleven</b> - viser god fagleg oversikt - forklarar enkelte faglege samanhengar - bruker til dels fagterminologi - bruker til dels fagkunnskapar for å grunngi synspunkt og argument	<b>Eleven</b> - viser solide fagkunnskapar - forklarar faglege samanhengar - meistrar fagterminologi - bruker fagkunnskapar og samfunnsfaglege teoriar for å grunngi synspunkt og argument
<b>Drøfting</b>	<b>Eleven</b> - behandlar eit smalt utval punkt - resonnerer enkelt og springande	<b>Eleven</b> - ser oppgåvetemaet frå fleire synsvinklar - reiser problemstillingar knytte til oppgåva og trekkjer logiske konklusjonar - skriv ryddig og har stort sett oppgåva i fokus	<b>Eleven</b> - diskuterer oppgåvetemaet frå ulike synsvinklar - reiser problemstillingar knytte til oppgåva, utdjuar dei og trekkjer logiske konklusjonar - skriv presist og ryddig med oppgåva i fokus

Schweigaards gate 15  
Postboks 9359 Grønland  
0135 OSLO  
Telefon 23 30 12 00  
[www.utdanningsdirektoratet.no](http://www.utdanningsdirektoratet.no)